

Kvartalsrapport

1. kvartal 2025



Sogn
SPAREBANK


Sogn Sparebank

Innholdsliste

Hovudtal Sogn Sparebank	3
Nøkkeltal	4
Styret si melding	5
Resultat	5
Driftsinntekter	6
Driftskostnader	6
Nedskrivningar på utlån og garantiar	6
Avkastning på eigenkapitalbevisa	6
Balanse	7
Utlån	7
Innskot	7
Kapitaldekning	7
Dotterselskap og tilknytt selskap	8
Utsiktene framover	9
Kvartalsrekneskap Q1 – 2025	11
Balanse	12
Eigendelar	12
Gjeld og eigenkapital	12
Eigenkapitaloppstilling	13
Kontantstraumoppstilling	14
Notar	16
Note 1 Generell informasjon	16
Note 2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat	16
Note 3 Konsern og tilknytt selskap	17
Note 4 Transaksjonar med nærstående partar	19
Note 5 Misleghaldne kredittforringa engasjement i andre halvår	19
Note 6 Utlån til og fordringar på kundar fordelt på sektor og næring	20
Note 7 Nedskrivning, tap, finansiell risiko	20
Note 8 Segment	23
Note 9 Verdipapir	23
Note 10 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring	24
Note 11 Gjeld ved utferda verdipapir	25
Note 12 Kapitaldekning	26
Note 13 Eigarandelsbrøk	27
Note 14 Eigenkapitalbevis - 20 største eigarar	29
Note 15 Hending etter balansedag	30

Hovudtal Sogn Sparebank

RESULTATSAMANDRAG	Kvartalsrekneskap			
	31.03.2025	i % av gj.sn. forv.kap.	31.03.2024	i % av gj.sn. forv.kap.
Netto renteinntekter	47 130	2,33 %	45 613	2,37 %
Netto andre driftsinntekter	6 499	0,32 %	5 244	0,27 %
Netto avkastning finansielle investeringer	6 929	0,34 %	3 867	0,20 %
Sum driftsinntekter	60 558	2,99 %	54 724	2,84 %
Sum driftskostnader	28 541	1,41 %	25 760	1,34 %
Resultat før tap	32 017	1,58 %	28 963	1,50 %
Tap på utlån	-1 194	-0,06 %	3 615	0,19 %
Skattekostnad	8 000	0,40 %	6 328	0,33 %
Ordinært resultat etter skatt	25 210	1,25 %	19 021	0,99 %
Totalresultat	28 813	1,42 %	18 292	0,95 %




Nøkkeltal

NØKKELTAL	31.03.2025	31.03.2024
Balansetal		
Brutto utlån	6 568 537	6 410 470
Eika Boligkreditt AS	895 895	794 784
Totale utlån med Eika Boligkreditt AS	7 464 432	7 205 254
Innskot frå kundar	6 075 086	5 828 038
Innskotsdekning	92,49 %	90,91 %
Forvaltningskapital	8 187 297	7 747 030
Lønsemd		
Kostnadsprosent eksklusiv verdipapir	53,22 %	50,65 %
Kostnadsprosent inklusiv verdipapir	47,13 %	47,07 %
Eigenkapitalavkastning (totalresultat)	9,80 %	6,67 %
Eigenkapitalavkastning (resultat etter skatt)	8,57 %	6,92 %
Soliditet		
Rein kjernekapitaldekning, morbank	26,17 %	23,73 %
Kjernekapitaldekning, morbank	26,17 %	23,73 %
Kapitaldekning, morbank	26,17 %	23,73 %
Rein kjernekapitaldekning konsolidert	23,92 %	23,79 %
Uvekta kjernekapitalandel konsolidert	11,91 %	11,40 %
Likviditet (morbank)		
LCR	243	233
NSFR	137	138
Eigenkapitalbevis (morbank)		
Utbytte pr. eigenkapitalbevis i kr	20,00	15,00
Bokført pr EK bevis	241,44	233,64
Kurs på eigenkapitalbevis	253,70	190,00
Pris/bokført verdi	1,05	0,65
Resultat pr. eigenkapitalbevis	5,04	4,00
Tal kontor	7	7
Årsverk morbank	42,7	38,2

Styret si melding

Sogn Sparebank har i første kvartal hatt ei god økonomisk utvikling med auka inntekter mot fjoråret. Hovudinntekta til banken kjem frå rentenetto. Rekneskapen for første kvartal 2025 er utarbeidd i samsvar med IFRS. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34.



Resultat

Sogn Sparebank legg fram eit resultat før tap på 32,0 mill. kroner pr. Q1 2025. Resultat før tap er 3,1 mill. kroner betre enn første kvartal 2024.

Rekneskapen til Sogn Sparebank viser at resultatutviklinga frå 2024 held fram. Me opplever at konkurransen på forsikring og banktenester er stor, men opplever likevel god vekst. Det er tilbakeført 1,19 mill. kroner på tap utlån og garantiar hittil i 2025.

Resultat etter skatt gir ein eigenkapitalavkastning¹ pr. 31.03.2025 på 8,57 %.

Totalresultatet er påverka av verdiendring på finansielle eigendelar, hovudsakleg frå Eika Boligkreditt AS og Eika Gruppen AS, som er postar som ikkje vil bli omklassifisert til resultatet. Bankens rapporterer eit totalresultat pr. 31.03.2025 på 28,8 mill. kroner etter skatt, ein auke frå 10,5 mill. kroner pr. 31.03.2024.

¹ Viser til notat «alternative resultatmål i Sogn Sparebank» pr. 31.12.2024.

Eigenkapitalavkastning, resultat etter skatt

8,57 %

Resultat etter skatt

25,2

mill.kroner

Driftsinntekter

Netto renteinntekter er 47,1 mill. kroner, som utgjør 2,33 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK). Tilsvarende tal for første kvartal 2024 var renteinntekter på 45,6 mill. kroner som var 2,37 % av GFK. Pr. 31.03.2025 var andre ordinære driftsinntekter 6,5 mill. kroner, som utgjør 0,32 % av GFK. Samla utgjør våre driftsinntekter 2,99 % av GFK mot 2,84 % i same periode fjor.

Driftskostnader

Pr. 31.03.2025 var driftskostnadene 28,5 mill. kroner, tilsvarende 1,41 % i høve til GFK, som er 0,07 prosentpoeng høgare enn i fjor. Kostnadsprosenten i prosent av totale inntekter, inklusiv verdipapir, er på 47,13 % mot 47,07 % i same periode fjor. Kostnadsprosenten eksklusiv verdipapir er 53,22 % mot 50,65 % i same periode i 2024.

Forvaltningskapital

8,2

mrd. kroner

Driftskostnader

28,5

mill. kroner

Nedskrivingar på utlån og garantiar

Banken har pr. første kvartal tilbakeført nedskrivingar på utlån og garantiar på 1,19 mill. kroner som er ein nedgang på 4,8 mill. kroner frå i fjor. Det er auka misleghald i personmarknaden der me har god sikring. Det er føreteke mindre justeringar på tidlegare tapsavsette engasjement.

Avkastning på eigenkapitalbevisa

Banken rapporterer eit resultat pr. 31.03.2025 etter berekna skatt på 25,2 mill. kroner, tilsvarende 1,25 % av GFK, mot 0,99 % i same periode i fjor. Dette er om lag som forventa. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Berekna resultat er på 5,04 kroner pr. eigenkapitalbevis etter skatt.

Eigenkapitalbevisa i Sogn Sparebank er noterte på Oslo Børs. Kurs pr. 31.03.2025 var kroner 253,70 pr. eigenkapitalbevis.

Balanse

Utlån

Pr. 31.03.2025 har banken 6 569 mill. kroner i bruttoutlån som er ein auke på 158 mill. kroner siste 12 månader og som tilsvarar ein vekst på 2,47 % i eigen bank. Lån til personmarknaden utgjer 5 584 mill. kroner, og lån til bedriftsmarknaden utgjer 984 mill. kroner.

I tillegg yter banken 896 mill. kroner i lån til banken sine personkundar via Eika Boligkreditt AS, det er ein auke på 101 mill. kroner, tilsvarande ein vekst på 12,72 % i høve til same tid i fjor.

Total utlånsvekst inklusive Eika Boligkreditt AS ligger på 3,60 % sett mot fjoråret.

Innskot

Pr. 31.03.2025 har banken 6 075 mill. kroner i innskot, som er ein auke på 247 mill. kroner siste 12 månader og som tilsvarar ein vekst på 4,24 %. Innskot frå personmarknaden utgjer 4 282 mill. kroner, og innskot frå bedriftsmarknaden utgjer 1 793 mill. kroner. Innskotsdekninga i banken pr. 31.03.2025 er 92,49 %. Pr. 31.03.2025 har banken ein forvaltningskapital på 8 187,3 mill. kroner, som er ein auke på 440,3 mill. kroner siste 12 månader og som tilsvarar ein vekst på 5,68 %.

Kapitaldekning

Pr. 31.03.2025 var banken si kapitaldekning 26,17 % mot 23,73 % i same periode i 2024. Sogn Sparebank har pr i dag berre rein kjernekapital. Banken si kapitaldekning ligg innanfor alle regulatoriske krav, og resultatet hittil i år er ikkje med i kapitaldekninga.

Etter forholdsmessig konsolidering av Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS er rein kjernekapitaldekning på 23,92 %, som er om lag på nivå med fjoråret på 23,79 %.

Banken har fram til 4. kvartal 2024 praktisert å ta eigarandeler i selskap som forholdsmessig konsoliderast inn til frådrag i rein kjernekapital i morbanken. Dette prinsippet har banken endra, i likskap med resten av bankane i Eika alliansen, jf. note 12.



Dotterselskap og tilknytt selskap

Dotterselskap

- Sogn Sparebank eig 100 % av Sogn Sparebank Eigedom AS, som eig lokala banken leiger i sentrum av Sogndal., jf. note 3.

Tilknytt selskap

- Sogn Sparebank eig 35 % av Sogn Forsikring AS som sel Eika Gruppen AS sine forsikringsprodukt. Selskapet har pr. 31.03.2025 ein tilsett.

Utsiktene framover

Banken har i første kvartal 2025 oppnådd gode resultat, og skal halde fram med å vere ein nær og synleg medspelar for kundane og lokalsamfunna i Sogn. Dette lukkast me med ved å stimulere til aktivitetar og verdiskaping, og vere ein god partner for privatkundar og verksemdar.

Gjennom Sogn Sparebank sitt gåvefond set me fokus på barn og unge, folkehelse og berekraft og gjev gåver til allmennyttige føremål. Samarbeid er nøkkelen til suksess, og me har alltid ei open dør for lag og organisasjonar, eldsjeler og gode innspel til korleis banken kan bidra til at Sogn vert ein endå betre plass å bu og vekse opp i.

**Me gjer Sogn til ein endå betre
plass å bu og vekse opp i.**

God styring av risiko er eit prioritert område. Sogn Sparebank er godt kapitalisert og har ein god likviditet ved Q1-2025. På grunnlag av målbiletet for Sogn Sparebank, har styret lagt banken sin strategi. Banken vil halde fram med å styrka drifta, samstundes som me vil jobbe med å auke inntektene.

Rentemarknaden har i 2025 vore stabil, men Noregs Bank har gitt uttrykk for at det er forventet nedgang i styringsrenta mot slutten av 2025. Det er stor usikkerheit om utviklinga av verdsøkonomien i året som kjem. Konfliktsituasjonen i verda, saman med ny administrasjon i USA, kan påverke rentebana også i Noreg.

Sogn Sparebank har ein solid kapitaldekning og god likviditet, og vil også framover være en sutalaus medspelar for våre kundar. Fokus til banken er heile tida å ha god drift og lønnsemd, og jobba til det beste for kundane. Ved å tilby individuell rådgiving innan kreditt, sparing og plassering samt forsikring har banken som mål å finne gode og varige løysingar for kundane.

Det har ikkje førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggssopplysningar i rekneskapen eller i notar til rekneskapen.

Årdalstangen den 14. mai 2025

Atle Terum (s.)
Styreleiar

Sindre Wergeland (s.)

Olav Vikøren (s.)

Marit Røyrvik Eldegard (s.)

Tone Kristin Myklebust Kvåle (s.)

Marianne Sundal (s.)
Tilsettere representant

Mads Arnfin Indrehus (s.)
Adm. Banksjef

Kvartalsrekneskap Q1 – 2025

Resultat		1. kvartal	1. kvartal	Året
Ordinært resultat - Tal i tusen kroner	Note	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Renteinntekter - amortisert kost		105 147	99 991	412 534
Renteinntekter - verkeleg verdi		122	125	506
Rentekostnader		58 139	54 503	224 701
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		47 130	45 613	188 339
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		6 533	5 884	29 075
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		990	1 518	6 379
Utbyte og andre inntekter av eigenkapitalinstrumenter		1 241	38	12 895
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	9	5 687	3 828	18 644
Andre driftsinntekter		956	878	4 054
Netto andre driftsinntekter		13 427	9 111	58 289
Løn og andre personalkostnader		13 464	10 613	47 486
Andre driftskostnader		13 170	13 544	51 723
Avskrivningar på driftsmiddel		1 907	1 604	6 346
Sum driftskostnader før tap på utlån		28 541	25 760	105 555
Resultat før tap		32 017	28 963	141 073
Kredittap på utlån og garantier	7	-1 194	3 615	6 255
Driftsresultat før skatt		33 210	25 349	134 818
Skattekostnad		8 000	6 328	31 060
Resultat av ordinær drift etter skatt		25 210	19 021	103 758
Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner				
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger				
Verdiendring på finansielle eigendeler	9	3 603	-729	-1 822
Skatt				
Postar som ikkje vil bli reversert i resultatet		3 603	-729	-1 822
Verdiendring utlån til virkelig verdi				
Verdiendring rentebærende verdipapirer til virkelig verdi				
Verdiendring rentebærende verdipapirer over utvidet resultat		0	0	0
Skatt				
Sum poster som vil bli klassifisert over resultatet		0	0	0
Totalresultat		28 813	18 292	101 936
Resultat per eigenkapitalbevis		5,04	4,00	17,90

Balanse

Eigendelar

<i>Tall i tusen kroner</i>	Note	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Kontantar og fordringar på sentralbankar		86 809	87 023	86 921
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		749 901	576 956	777 260
Utlån til og fordringar på kunder til amortisert kost	<u>5, 6, 7</u>	6 530 022	6 371 689	6 564 947
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	<u>9</u>	368 970	284 834	281 292
Verdipapir til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	<u>9</u>	337 937	329 704	409 696
Eigarinteresser i tilknytta selskap	<u>3, 9</u>	135	135	135
Eigarinteresser i dotterselskap	<u>3, 9</u>	13 350	7 550	13 350
Varige driftsmiddel		86 262	74 107	86 558
Overtekne og andre eigendelar		10 310	10 900	5 825
Anleggsmidler og avhendingsgrupper holdt for salg		3 600	4 132	3 600
Sum eigendelar		8 187 297	7 747 030	8 229 585

Gjeld og egenkapital

<i>Tall i tusen kroner</i>	Note	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Innlån frå kredittinstitusjoner		121 020	151 829	151 135
Innskott frå kundar	<u>10</u>	6 075 086	5 828 038	6 115 086
Gjeld ved utsteda verdipapir	<u>11</u>	705 241	601 638	701 348
Finansielle derivater		0	0	0
Anna gjeld		58 143	22 393	46 866
Pensjonsforpliktelser		0	0	0
Betalbar skatt		18 778	20 568	34 988
Utsett skatt		1 129	2 453	1 129
Andre avsetninger		800	8 482	747
Ansvarlig lånekapital	<u>10</u>	0	0	0
Fondsobligasjonskapital		0	0	0
Sum gjeld		6 980 197	6 635 400	7 051 298
Innskoten egenkapital	<u>12, 13, 14</u>	63 764	63 764	63 764
Opptent egenkapital		1 118 125	1 028 845	1 010 765
Fondsobligasjonskapital		0	0	0
Udisponert overskot etter skatt		25 210	19 021	103 758
Sum egenkapital		1 207 100	1 111 630	1 178 287
Sum gjeld og egenkapital		8 187 297	7 747 030	8 229 585

Eigenkapitaloppstilling

Eigenkapitaloppstilling pr. 31.03.2025

Tal i tusen kroner	Eigenkapitalbevis	Eigne eigenkapital-bevis	Overkurs-fond	Sparebanken sitt fond	Utgjennings-fond	Gåvefond	Fond for urealiserte vinstar	Anna opptent eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2024	31 625	-673	32 812	943 190	67 070	39 375	64 887		1 178 287
Resultat etter skatt				22 021	3 189				25 210
Estimatavvik pensjon									0
Endring i utsatt skatt estimataavvik									
Verdiendring på finansielle eigendeler over andre inntekter og kostnader							3 603		3 603
Totalresultat 31.03.2025	0	0	0	22 021	3 189	0	3 603	0	28 813
Transaksjoner med eigarane									
Utbetalt utbytte									0
Utbetalt frå gåvefond									0
Andre eigenkapitaltransaksjonar									0
Eigenkapital 31.03.2025	31 625	-673	32 812	965 211	70 260	39 375	68 490	0	1 207 100
Eigenkapital 31.12.2023	31 625	-673	32 812	862 222	62 764	37 878	66 709		1 093 338
Resultat etter skatt				16 492	2 529				19 021
Verdiendring på finansielle eigendeler over andre inntekter og kostnader							-729		-729
Totalresultat 31.03.2024	0	0	0	16 492	2 529	0	-729	0	18 292
Utbetalt utbytte									0
Utbetalt frå gåvefond									0
Utbetalte renter hybridkapital									0
Tilbakekjøp hybridkapital									0
Andre eigenkapitaltransaksjonar									0
Eigenkapital 31.03.2024	31 625	-673	32 812	878 714	65 293	37 878	65 980	0	1 111 629

Kontantstraumoppstilling

	1. kvartal	1. kvartal
Tal i tusen kroner	2025	2024
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar		
Netto utbetaling av utlån til kundar	37 463	(32 809)
Renteinnbetalningar på utlån til kundar	96 364	90 708
Overtekne eigendelar	-	-
Netto innbetaling/-utbetaling av innskot frå kundar	(81 552)	(66 814)
Renteutbetalningar på innskot frå kundar	(4 123)	(3 378)
Netto utbetaling av utlån til kredittinstitusjonar	(27 250)	-
Renter på fordringar og gjeld til kredittinstitusjonar	8 329	6 008
Netto sal/-kjøp av sertifikat og obligasjonar	-	-
Renteinnbetalningar på sertifikat og obligasjonar	125	127
Netto provisjonsinnbetalningar	5 543	4 366
Utbetaling ved kjøp av aksjar, eigenkapitalbevis og fond til verkeleg verdi over resultatet	-	-
Innbetaling frå sal av aksjar, eigenkapitalbevis og fond til verkeleg verdi over resultatet	237	99
Utbetalningar til drift	(24 343)	(30 926)
Betalt skatt	(19 369)	(9 684)
Utbetalte gåver av overskot	-	-
A Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	-8 576	-42 304
Kontantstraumar frå investeringar		
Investering i varige driftsmidar	(1 611)	(766)
Innbetaling frå sal av varige driftsmidar	-	-
Investeringar i langsiktige aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	(7 024)	-
Innbetaling frå sal av langsiktige aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	-	-
Utbyte frå investeringar i langsiktige aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	1 241	-
B Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet	-7 394	-766
Kontantstraumar frå finansiering		
Utbetaling knytt til leigeforpliktingar	-	-
Opptak av gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	-	-
Tilbakebetaling av utsteda av verdipapir	-	-
Renteutbetalningar på gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	(5 605)	(8 271)
Opptak av lån til kredittinstitusjonar	-	-
Tilbakebetaling av lån til kredittinstitusjonar	(30 000)	-
Renter på gjeld til kredittinstitusjonar	(2 084)	(2 629)
Innbetaling ved utstedelse av ansvarlig lån	-	-
Utbetaling ved forfall ansvarlig lån	-	-
Renteutbetalningar på ansvarlige lån	-	-
Innbetaling ved utstedelse av fondsobligasjonskapital	-	-
Utbetaling ved forfall av fondsobligasjonskapital	-	-
Utbyte fondsobligasjon	-	-
Utbetaling knytt til leigeforpliktingar	(1 062)	(1 386)
Utbyte til eigenkapitalbeviseigarane	-	-
Kjøp og salg av egne aksjer	-	-
Emisjon av eigenkapitalbevis / aksjonærer	-	-
A + B + C Netto endring likvidar i perioden	-38 751	-12 286
A + B + C Netto endring likvidar i perioden	-54 721	-55 356
Likviditetsbeholdning 1.1	858 781	713 934
Likviditetsbeholdning 31.3	804 060	658 578
Likvidetsbeholdning spesifisert:		
Kontantar og fordringar på Noregs Bank	86 809	87 023
Fordringar på kredittinstitusjonar utan oppseiingstid	717 251	571 555
Likviditetsbeholdning	804 060	658 578

Kontantstraumanalysen er utarbeidd etter den direkte metoden, og viser korleis morbank og konsern har fått tilført likvide midlar og korleis desse er brukt.

Likvidar omfattar kontantar og fordringar på Noregs Bank, samt utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar.

Notar

Note 1 Generell informasjon

Rekneskapen gjeld for perioden 01.01. - 31.03.2025. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. Sogn Sparebank innrekner ikkje dotterselskapet Sogn Sparebank Eigedom AS då dette ikkje har vesentleg omsetnad.

Rekneskapen for første kvartal 2025 vart vedteke av styret 14. mai 2025.

Note 2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

Rekneskapen til Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Banken nyttar dei same rekneskapsprinsippa og utrekningane som vart nytta i årsrekneskapen til Sogn Sparebank, og alternativ resultatmål for 2024, med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

Kritiske estimat og vurderingar vedkomande bruk av rekneskapsprinsipp

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må bruke estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert fortløpande, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert vurdert som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt usikkerheit til føresetnadane og forventningane som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er brukte.

Nedskrivingar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetje verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane.

Vurderingar av nedskrivingar vert gjennomførte kvart kvartal. Prosessen med individuelle og gruppevis vurderingar i samband med nedskrivingar i steg 3.

Nedskrivingar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivingar (IFRS 9 nedskrivingar) på utlån og garantiar. Nedskriving vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering og tapserfaring for dei respektive kundegruppene. Utover dette vert det

lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt.

Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnadar, herunder sannsynlegheit for misleghald, tap ved misleghald, forventta levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i årsmeldinga for 2024 for ei skildring av nedskrivingsmodellen under IFRS 9, og omtale av vesentleg auke i kredittrisiko og kriteria for overgang til steg 2.

Uvisse knytt til estimata, fører til at det er nødvendig å nytte skjønn i gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivingar på utlån. Dei modellberekna nedskrivingane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for den usikre situasjonen i rentemarknaden, med svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med utsiktene som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivingsmodellen.

Banken har berekna nedskrivingar i steg 1 og steg 2 for kundar i bedriftsmarknaden, på grunnlag av kor utsette dei ulike bransjane er innanfor banken sine engasjement. Nedskrivingane for engasjement innanfor ulike bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Det er teke omsyn til støtteordningar frå staten i vurderingane av justeringsfaktorar for dei ulike bransjane. Justeringsfaktoren for den enkelte bransje vert multiplisert med banken si eksponering i kvar bransje. Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivingane per bransje. Nedskrivingar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert frå første kvartal i fjor til i år. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 7.

Kredittengasjement innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Banken har i hovudsak utlån med pant i bustadar som har låg gjennomsnittleg belåningsgrad. Velferdsordningane i Noreg, fører òg til at engasjementa innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Likevel er det risiko for auka tap òg i denne porteføljen, og det er berekna tilleggsnedskrivingar med ein justeringsfaktor multiplisert med uteståande eksponering. Nedskrivingar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 har berre små justeringar i første kvartal. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 7.

Verkeleg verdi over finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje er notert i ein aktiv marknad (nivå 2 og 3) er verdsett ved bruk av verdsettingsteknikkar. Slike verdsettingar vil vere hefta med usikkerheit.

Verdsettingsteknikkar som er nytta for å bestemme verkeleg verdi er vurdert periodisk opp mot utvikling i verdi av liknande instrument, og gjennomførte transaksjonar i same papir. I den grad det er praktisk mogeleg nyttast reelle data. Aksjar som er klassifisert i nivå 3 omfattar i det vesentlegaste investeringar i unoterte aksjar, der det er større usikkerheit enn elles i verdsetjinga av eigenkapitalinstrument, jf. note 9.

Note 3 Konsern og tilknytt selskap

Sogn Sparebank har i desember 2024 kjøpt resterande aksjar i ISSB Eigedom AS. Selskapet er no eit 100 % eigd dotterselskap, og er eit reint eigedomsføretak. Etter aksjekjøpet har selskapet skifta namn til

Sogn Sparebank Eigedom AS. Sogn Sparebank innreknar ikkje dotterselskapet Sogn Sparebank Eigedom AS då desse ikkje har vesentleg omsetnad.

Konsern - Goodwill

Sogn Sparebank har ikkje bokført Goodwill pr. 31.03.2025.

Note 4 Transaksjonar med nærstående partar

Sogn Sparebank Eigedom AS

Banken har inngått leigekontrakt med Sogn Sparebank Eigedom AS om leige av lokale i Sogndal.

Note 5 Misleghaldne kredittforringa engasjement i andre halvår

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

	1. kvartal	1. kvartal	Året
	2025	2024	2024
Misleghald personkundar	57 135	25 184	49 886
Misleghald næringslivskundar	21 108	34 000	29 546
Individuelle nedskrivingar (steg 3)	-14 094	-16 532	-16 788
Netto misleghaldne engasjement	64 149	42 652	62 644

Andre kredittforringa engasjement

	1. kvartal	1. kvartal	Året
	2025	2024	2024
Kredittforringa engasjement personkundar	14 675	19 793	11 023
Kredittforringa engasjement næringslivskundar	61 783	67 482	74 540
Individuelle nedskrivingar (steg 3)	-16 689	-11 594	-16 200
Netto andre kredittforringa engasjement	59 769	75 681	69 363

Note 6 Utlån til og fordringar på kundar fordelt på sektor og næring

	1. kvartal	1. kvartal	Året
	2025	2024	2024
Primærnæringer	77 659	82 704	80 753
Industri og bergverk	15 982	22 558	15 086
Kraftforsyning	129 414	92 442	131 492
Bygg og anleggsvirksomhet	140 286	150 022	144 415
Varehandel	47 105	62 588	43 406
Transport	24 278	24 102	23 072
Overnattings- og serveringsvirksomhet	145 360	127 918	141 895
Informasjon og kommunikasjon	13 501	17 011	14 277
Omsetning og drift av fast eiendom	337 704	419 482	424 620
Tjenesteytende virksomhet	53 201	55 471	54 682
Sum næring	984 490	1 054 298	1 073 698
Personkunder	5 584 047	5 356 172	5 532 059
Brutto utlån	6 568 537	6 410 470	6 605 757
Individuelle nedskrivninger	0	0	0
Gruppenedskrivninger	0	0	0
Steg 1 nedskrivninger	-2 217	-5 075	-2 804
Steg 2 nedskrivninger	-5 658	-5 741	-5 176
Steg 3 nedskrivninger	-30 640	-27 965	-32 829
Netto utlån til kundar	6 530 022	6 371 689	6 564 947
Utlånsportefølje hos Eika Boligkreditt AS (EBK)	895 895	794 784	865 694
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	7 425 917	7 166 473	7 430 641

Note 7 Nedskrivning, tap, finansiell risiko

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsynlegheit for misleghald (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med sannsynlegheit for misleghald på balansedagen. Fordelinga mellom stega vert gjort for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivningar og brutto balanseført utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer følgjande element:

- Overføring mellom stega som skuldast endring i kredittisiko, frå 12 månaders forventta kredittap i steg 1 til kredittap over levetida til instrumentet i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar ved fråtrekk av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariablar, berekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.
- Utlån til kundar som banken kan overføre til bustadkredittføretak er etter IFRS 9 klassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat. andre halvår utlån til kundar er klassifisert til amortisert kost. Nedskrivning på unytta kredittar og garantiar er balanseført som gjeldsforplikting i rekneskapen.

Tabellar pr. 1. kvartal 2025

Personmarknaden

31.03.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Utlån til kundar - personmarknaden - nedskrivingar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivingar pr. 01.01.2025	722	1 727	10 765	13 214
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	243	-182	-61	0
Overføringer til steg 2	-106	194	-88	0
Overføringer til steg 3	0	-88	88	0
Netto endring *)	-245	327	496	579
Endringer som følge av nye eller økte utlån	80	16	0	96
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-38	-188	-285	-510
Konstaterte tap	0	0	0	0
Nedskrivingar personmarknaden pr. 31.03.2025	656	1 806	10 916	13 378

31.03.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2025	5 118 435	352 715	60 909	5 532 059
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	63 050	-62 032	-1 018	0
Overføringer til steg 2	-107 914	109 991	-2 077	0
Overføringer til steg 3	0	-14 354	14 354	0
Netto endring *)	-57 769	-7 585	-24	-65 378
Nye finansielle eigendelar utsteda	441 263	2 206	0	443 468
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-293 285	-32 533	-285	-326 102
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til personmarknaden pr. 31.03.2025	5 163 779	348 409	71 859	5 584 047

Tabellar pr. 1. kvartal 2025

Bedriftsmarknaden

31.03.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivingar på utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivingar pr. 01.01.2025	2 083	3 450	22 064	27 596
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	678	-587	-91	0
Overføringer til steg 2	-116	215	-99	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring *)	-978	778	-1 369	-1 569
Endringer som følge av nye eller økte utlån	26	0	0	26
Utlån som er fraregnet i perioden	-132	-3	-1 121	-1 256
Konstaterte tap	0	0	340	340
Nedskrivingar bedriftsmarknaden pr. 31.03.2025	1 560	3 853	19 724	25 137

31.03.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2025	818 628	159 390	95 680	1 073 698
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	45 663	-44 655	-1 008	0
Overføringer til steg 2	-31 152	32 484	-1 332	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring *)	-14 167	-129	-11 695	-25 992
Nye finansielle eigendelar utsteda	14 576	0	0	14 576
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-77 848	-168	-119	-78 134
Konstaterte tap	0	0	342	342
Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 31.03.2025	755 700	146 922	81 868	984 490

31.03.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unytta kreditter og garantiar - nedskrivningar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2025	98	490	159	747
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	47	-19	-27	0
Overføringer til steg 2	-1	1	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivningar på utlån utbetalt i år	-56	122	-277	-211
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	16	0	0	16
Andre eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-28	-14	0	-41
Andre justeringar	0	0	289	289
Nedskrivningar pr. 31.03.2025	75	581	144	800

31.03.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unytta kreditter og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto engasjement pr. 01.01.2025	338 351	19 453	8 409	366 214
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	1 312	-1 010	-302	0
Overføringer til steg 2	-2 814	2 814	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring *)	947	4 498	613	6 059
Nye finansielle eigendelar utstede	8 442	0	0	8 442
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-28 771	-420	-7 500	-36 691
Brutto engasjement pr. 31.03.2025	317 467	25 336	1 221	344 024

*) Netto endring viser endring i tap som følge av innbetalinger/auke av saldo der lån ikkje har skifta trinn.

Resultatførte tap

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Endring i perioden i steg 3 på utlån	-1 403	3 632	7 093
Endring i perioden i steg 3 på garantiar og unyttta kredittar	-15	0	-250
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	-37	232	33
Konstaterte tap i perioden, der det tidligere er gjort nedskrivningar i steg 3	340	0	0
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er gjort nedskrivningar i steg 3	0	0	0
Perioden sin inngang på tidligare periodar sine nedskrivningar	-78	-300	-621
Tapskostnader i perioden	-1 194	3 615	6 255

Note 8 Segment

Banken utarbeider ikkje rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Etter banken si vurdering, føreligg det ikkje vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og teneste som inngår i hovudmarknadane til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gir lite tilleggsinformasjon.

Note 9 Verdipapir

31.03.2025				Sum
Verdsetjingshierarki for verdipapirer, til verkeleg verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultatet		10 082		10 082
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultatet	10 429	340 287	8 172	358 888
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			351 423	351 423
Sum	10 429	350 369	359 595	720 393

Avstemming av nivå 3	Verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	Verkeleg verdi over resultatet
Inngåande balanse 01.01	340 797	8 362
Realisert vinst/tap	-	124
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet	-	(78)
Urealisert vinst/tap ført over andre inntekter og kostnader	3 603	-
Investerings	7 023	-
Sal	-	(236)
Utgåande balanse	351 423	8 172

Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi og opplysningar klassifisert etter nivå

Verdsetjingsnivå angir nivået på verdsetjingsmetoden som er brukt for å fastsetje verkeleg verdi.

Nivå 1 – er verdien fastsett ut frå kvoterte prisar i aktive marknader.

Nivå 2 – er verdien utleia frå kvoterte prisar, eller berekna marknadsverdiar.


Nivå 3 – er verdier som ikke er basert på observerbare marknadsdata.


Verdsettninga av Eika Boligkreditt AS er basert på ei vurdering av egenkapitalen i selskapet. Verdsettninga av Eika Gruppen AS tek utgangspunkt i ei verddivurdering av dei enkelte selskapa som inngår i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsettjingsmetodar. For Norway Best Group AS er nytta sist kjente verddivurdering frå november 2024 basert på relevante verdsettjingsmetodar, med frådrag på 35%. Denne verddivurderinga blir vurdert opp imot sist kjende emisjons- og/eller omsetningskurs, teke omsyn til banken sine egne vurderingar av hendingar fram til balansedagen.

Til saman utgjer desse aksjane 285,1 mill. kroner av totalt 351 mill. kroner i nivå 3.

Note 10 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring

	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Jordbruk, skogbruk, fiske	161 076	160 834	143 583
Industri	121 064	138 347	133 961
Bygg og anlegg	112 594	88 772	98 103
Handel, hotell, transport	349 117	337 545	451 162
Transport	0	0	0
Finansiering, egedomsdrift	351 363	329 673	329 712
Offentleg forvaltning og andre	697 659	650 425	739 899
Sum næring	1 792 873	1 705 596	1 896 420
Personkundar	4 282 213	4 122 442	4 218 666
Sum innskot frå kundar	6 075 086	5 828 038	6 115 086





Note 11 Gjeld ved utferda verdipapir

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024	vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010947377	22.01.2020	16.12.2024	24 000	0	200 375	0	3 mnd. NIBOR + 0,50 %
NO0013010421	11.09.2023	11.09.2025	200 000	200 574	200 572	200 591	3 mnd. NIBOR + 0,84 %
NO0013010439	11.09.2023	11.09.2026	200 000	200 641	200 691	200 671	3 mnd. NIBOR + 1,03 %
NO0013354050	27.09.2024	27.09.2027	200 000	202 709	0	200 052	3 mnd. NIBOR + 0,62 %
NO0013354068	25.09.2024	25.09.2026	100 000	101 316	0	100 033	3 mnd. NIBOR + 0,44 %
Sum gjeld ved utsteda verdipapirer				705 241	601 638	701 348	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2024	Emittert	Forfalt/ innløyst	Øvrige endringer	Balanse 31.03.2025
Obligasjonsgjeld	701 348	0	0	3 893	705 241
Sum gjeld stiftet ved utsteda verdipapirer	701 348	0	0	3 893	705 241
Ansvarlige lån	0				0
Fondsobligasjoner	0	0	0	0	0
Sum ansvarlig lån og fondsobligasjoner	0	0	0	0	0

Note 12 Kapitaldekning

	1. kvartal	1. kvartal	Året
	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Morbank			
Eigenkapitalbevis	31 625	31 625	31 625
Eigene eigenkapitalbevis	-673	-673	-673
Overkursfond	32 812	32 812	32 812
Sparebanken sitt fond	943 190	869 722	869 722
Gåvefond	39 375	30 378	22 878
Utjamningsfond	67 070	62 764	53 278
Fond for urealiserte vinster	64 887	66 709	64 887
Resultat etter skatt	0	0	103 758
Sum egenkapital	1 178 287	1 093 338	1 178 287
Utbyte	-12 381	0	-12 381
Frådrag for forsvarleg verdsettning	-720	0	-704
Andre frådrag i rein kjernekapital	-31 392	-188 045	-26 923
Rein kjernekapital	1 133 794	905 293	1 138 278
Fondsobligasjonar	0	0	0
Frådrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	1 133 794	905 293	1 138 278
Ansvarlig lånekapital	0	0	0
Frådrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	0	0	0
Sum ansvarleg kapital	1 133 794	905 293	1 138 278
	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Eksponeringskategori (vekta verdi)			
Statar	0	0	0
Lokal regional styresmakt	0	49	0
Institusjonar	5 727	2 687	1 289
Føretak	149 468	148 654	150 141
Pantesikra eigedom	2 801 243	2 657 332	2 786 082
Forfalne engasjement	149 747	147 589	144 290
Høgrisiko	12 257	12 564	12 543
Obligasjonar med fortrinnsrett	10 183	1 006	9 771
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating	143 373	112 121	154 372
Andelar verdipapirfond	72 523	23 547	66 297
Eigenkapitalposisjonar	408 242	221 658	401 092
Andre engasjement	169 696	135 137	150 342
	0	0	0
	0	0	0
	0	0	0
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	3 922 459	3 462 343	3 876 219
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	409 766	352 225	409 766
Sum berekningsgrunnlag	4 332 225	3 814 569	4 285 985

Konsolidering av samarbeidande grupper

Føretak som deltar i samarbeidande gruppe skal foreta forholdsmessig konsolidering av eigarandelar i finansforetak som samarbeidet omfattar, jf. Finansforetaksloven § 17-13 (2) og utfyllende fastsetjingar i CRR/CRD-forskriftens § 16 (3) og §32 (4).

Sogn Sparebank deltar i samarbeidande gruppe med Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Eigarandelen i Eika Gruppen (2,17 %) og Eika Boligkreditt (0,85 %) blir konsolidert med bankens kapitaldekning.

Banken har fram til 4. kvartal 2024 praktisert å ta eigarandeler i selskap som forholdsmessig konsoliderast inn til frådrag i rein kjernekapital i morbanken. Dette prinsippet har banken endra, i likskap med resten av bankane i alliansen, ved rapportering for 4. kvartal 2024 i samsvar med unntaksregelen i berekningsforskriften § 18 bokstav c, som tilsvarar artikkel 49.2 i CRR. Dette medfører at banken hamnar under terskelverdi på 10 % for frådrag, og gir ein auke i kapitaldekning på morbanknivå. Prinsippendringa medfører ingen endring for dei forholdsmessig konsoliderte tall. Historikken er ikkje omarbeida.

Konsolidert kapitaldekning etter nye prinsipp er på 24,21%, mens den hadde vore 24,14% etter tidligare kapitaldekningsreglar.

	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Rein kjernekapital	1 121 778	1 033 140	1 125 405
Kjernekapital	1 128 836	1 040 642	1 132 462
Ansvarleg kapital	1 138 346	1 050 753	1 141 972
Berekningsgrunnlag	4 689 531	4 342 151	4 648 177
Rein kjernekapitaldekning i %	23,92 %	23,79 %	24,21 %
Kjernekapitaldekning	24,07 %	23,97 %	24,36 %
Kapitaldekning i %	24,27 %	24,20 %	24,57 %
Uvekta kjernekapitaldekning %	11,91 %	11,40 %	12,16 %

Note 13 Eigarandelsbrøk

Banken sine egenkapitalbevis er alle ført i 1 -ein- klasse og utgjør per 31.03.2025 kroner 31.625.000 delt på 632.500 egenkapitalbevis pålydande kroner 50,- tickerkode SOGN.

Eigarandelsbrøk for Q1-2025, se tabell, er utrekna med utgangspunkt i eigarandelsbrøk for 2024, justert for utbetalningar gjennom 2024.

Beløp i tusen kroner	31.12.2024	31.12.2023
Eigenkapitalbevis	31 625	31 625
Overkursfond	32 812	32 812
Utjamningsfond	67 070	62 764
Del av bytteforhold	10 804	10 804
Sum eigarandelskapital (A)	142 311	138 005
Sparebanken sitt fond	943 190	862 222
Gåvefond	39 375	37 878
Grunnfondskapital (B)	982 565	900 100
Fond for urealiserte vinster	64 887	66 709
Fondsobligasjon		
Anna egenkapital (eigne EK bevis)	-673	-673
Estimert bytteforhold	-10 804	-10 804
Sum egenkapital	1 178 287	1 093 338
Eigarandelsbrøk A/(A+B)	12,65 %	13,29 %

Note 14 Eigenkapitalbevis - 20 største eigarar

Dei 20 største eigarane pr. 31.03.2025 utgjer 47,28 % av eigenkapitalbeviskapitalen.

31.03.2025		
Navn	Beholdning	Eierandel
BJØRKEHAGEN AS	60 400	9,55 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	32 830	5,19 %
WERGELAND HOLDING AS	32 601	5,19 %
ØYER VEKST AS	16 500	2,61 %
DAHLSTRØM, FINN SVERRE	15 750	2,47 %
SOGN SPAREBANK	13 450	2,13 %
ØIE, ODD REIDAR	12 528	1,87 %
SEIM, LARS SIGURD, DØDSBO	11 200	1,77 %
EIKA GRUPPEN AS	11 000	1,77 %
HANØY, PER	10 006	1,74 %
HÅPE AS	10 000	1,58 %
ÅRDAL KOMMUNE	10 000	1,58 %
SÆTHER, ESPEN	9 617	1,49 %
KOMMUNAL LANDSPENSJONSKASSE GJENSI	9 188	1,37 %
Grafinor AS	8 211	1,30 %
NAGELL, MARTIN JAKOB	8 053	1,26 %
NORDNET LIVSFORSIKRING AS	8 000	1,22 %
LUSTER SPAREBANK	7 600	1,20 %
AMBLE INVESTMENT AS	6 538	1,03 %
WIBORG, TORD GEIR	6 050	0,96 %
Sum 20 største	299 522	47,28 %
Øvrige eigenkapitalbevisiere	332 978	52,72 %
Totalt antall eigenkapitalbevis (pålydende kr 100)	632 500	100,00 %
Antall bevis:	632 500	
Antall eiere:	1 037	

Note 15 Hending etter balansedag

Det har ikkje førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i notar til rekneskapen.

